

## Baklengs inn i framtida – vil vi vere med på det?

Det har i lengre tid vore ein plan om å utbetre/byggje ut Ekeneskrysset. Politikarane i Færder kommunestyre har vedteke ei løysing der dei skal flytte krysset Føylandveien/Smidsrødveien nordover, slik at det vil møte Tanstadveien gjennom ei rundkøyring. Det vil samstundes bli laga eit lysregulert gangfelt for dei mjuke trafikantane, som då må kryss Føylandveien på høgde med innkøyringa til Lahelleveien. Denne løysinga er langt därlegare enn dagens løysing, då våre skuleungar i dag kan sykle trygt til og frå skulen, utan å krysse ein einaste bilveg.

Føyland FAU har vore aktive i arbeidet med å synleggjere dette for politikarane, som innrømmer at dette er ei vanskeleg sak. Dei har i utgangspunktet avslutta si behandling av saka, som no ligg hjå fylkeskommunen for vidare behandling. Det er likevel ikkje for seint, då politikarane har signalisert at dei kan kome til å be om at prosessen blir stansa for å få saka opp til behandling på nytt.

Vi i Føyland Skole FAU ber difor om støtte og engasjement frå foreldregruppa ved skulen. Vi trur at ei breiare mobilisering vil kunne føre til at vi får eit kryss og ei trafikkavvikling som er minst like god som dagens løysing – også for dei mjuke trafikantane.

FAU kjem til å lage ei markering som eit siste framstøt for å synleggjere vår stemme overfor politikarar og media i løpet av den første skuleveka i august. Meir informasjon om dette kjem i starten av august.

Bruk sommaren til å prate i lag og gjere dette kjent for naboen over grillen eller hekken.

For bakgrunnsinfo / god sommarlektyre, les desse sakene på tb.no (+):

[Skisse over vedteke løysing](#)

[Føyland FAU i spissen for dei mjuke trafikantane](#)

[Per Arne Nilsen ristar på hovudet: "Ubegripelig!"](#)

På vegne av Føyland skole FAU

-Torstein Solhjell-